



Luftig på Høgtind! Elevane er Elisabeth Rebaudo, Anita Miljeteig, Tord Sæle, Kjartan Tungesvik og Martin Hauge. (Foto: Åse M. Neset)

Fredag 28. september sto det FJELLDAG på verksemdsplanen til skulen. Men det er alltid spanande kva vergudane tillet denne dagen. Dette året var dei særdeles vennlege og difor var målet klart: Ulvanåso!



Mellom Høgtind og Geitadalstind: Frå venstre Elisabeth Rebaudo, Tor Vidar

Det gjevaste turmålet i bygda var særers innbydande. Turen gjekk etter den vanlege ruta via kalkingsanlegget og Galtaryggen til Låganåso.

Sæle, Anita Miljeteig, Martin Hauge,
Kjartan Tungesvik, Tord Sæle og Karin
Tungesvik. (Foto: Åse M. Neset)

Derifrå besteig ei gruppe Høgtind og ei enda større gruppe Geitadalstind (1.230 meter over havet). Det var fint å sjå fjell-gleda som elevane var prega av då toppane var nådd.

Nokre valde av ymse grunnar eit alternativ på den andre sida av dalen, men for alle vart det ein framifrå fjelldag. Og turen vart gjennomført utan ulukker eller uhell av noko slag.



Åse M. Neset framfor Geitadalstind. (Foto: Karin Tungesvik)